



Rauland Historielag

RAULAND HISTORIELAG

Årsmelding for 2023

Styret har hatt fylgjande samansetjing etter årsmøte 09.03.2023.

Leiar Toril Nicolaisen

Skrivar Frøydis Fossli

Kasserar Øyvind Solbakken

Styremedlem Tore Tjønn

Styremedlem Herdis Lien

Styremedlem Ottar Romtveit

Varamedlem Solveig Loftsgarden

Varamedlem Gunn Gardsjord

Arbeidet i laget.

Styret har hatt 5 styremøte . Medlemstalet i laget var ved årsskiftet 131.

Det har vore 6 temakvelder i 2023 fordelt med 3 kvelder på vår og 3 kvelder på haust. Det har vore 1 dagstur til Treungen, men ingen turar lokalt. Som tidlegare år var det kyrkjegardsvandring 29.07. I 2023 har 2 namnesaker blei avslutta. Ei i Vinje i vedtak frå Statens kartverk av 31.01.23: Rue, Talleivsdalen og Talleivsnuten. Den andre på Rauland: Namnesak adressenamn Åsbekkdalen blei endra til Åsbogdalen i vedtak 01.03.23 i Plan- og miljøutvalet i Vinje som fylgje av avgjerd i Statens kartverk i sak 2022/11.

Temagruppa.

Temagruppa har hatt desse medlemmene : Asbjørn Gardsjord (leiar), Kari Halsten, Herdis Lien, Sindre Hestdalen og Birger Kjellingtveit har også delteke etter at han gjekk ut av styret.

Temakveldane blei arrangert i Vesaas-salen på Raulandsakademiet.

- | | |
|----------|---|
| 17.01.23 | På sporet av tungtvassabotørane på Hardangervidda ved forfattar av boka Mildrid Nilsen. |
| 21.02.23 | Rehabilitering av dammar, nye kraftverk, sikring mot ras og erosjon ved kraftverksjef Hallgeir Kleiv. |
| 21.03.23 | Kampen om stadnamn v/ Finn E. Isaksen ved seniorkonsulent i Statens Kartverk. |

- 19.09.23 Gardsliv på Rauland tidleg 1900-talet utfrå dagbok av Halvor O. Kostveit (fødd 1890) ved barnebarn Halvor O. Kostveit
- 17.10.24 Møsstrond kyrkje 100 år ved forfattar av boka ved Pål Thorrud
- 21.11.23 I Bjåenkarane sitt rike ved tidlegare konservator Herdis Lien

Turar.

- 13.05.23 Dagstur til Treungen. Omvising på Zeiner (Zett) museum, byvandring ved Harald Valle, besøk på den gamle Tveit kyrkjegarden. Lunch og ettermiddagskaffe på Leirosen hjå vertskapet for turen Helge Kårevik Tveit og Bjørn Dagfinn Tveit.

Bokslepp.

- 09.12.23 Bokslepp på Raulandsakademiet. Presentasjon ved Birger Kjellingtveit.
- Rauland Historielag har gjeve ut boka – I.L.DYRE VAA - jubileumsskrift 1924-2024. Dette er eit samarbeid mellom Historielaget og I.L. Dyre Vaa. Birger Kjellingtveit og Tore Tjønn har skrive boka. Opplaget på boka er 530 stk, og opplag og finansiering er delt likt mellom Historielaget og Idrettslaget.

Olsokvandring.

Som tidlegare er dette eit samarbeid med Rauland sokneråd. Stor deltaking også i år. Historielaget står for vandringa på kyrkjegarden medan soknerådet syter for olsokgraut etter ei kort messe. Det var problem med lydanlegget denne gonga.

Det blei stopp ved desse gravene i år:

Olaus Nystog v/ Erik Nystog

Svallaug Svalastoga v/ Ingerid Hayes

Sigrid Lid v/ Hilde Lid Strømme

Wilhelm Aakre v/ Signe Gardsteig

Årsmøte i Telemark Historielag.

Ingen frå styret eller laget deltok på årsmøte og seminar i Telemark Historielag 22.04.23.

Stadnamnprosjekt i Vinje kommune.

Vinje kommune og Norsk Språkråd løyvde midlar til digitalisering av stadnamn i Vinje kommune. Prosjektet starta opp i des. 2019 i regi av Vest-Telemark Museum saman med folk frå historielaga i kommunen og andre interesserte. Birger Kjellingtveit la i 2020 inn

alle namna frå Rauland med digital kartfesting - til saman 3 3000 – med forklaringar og opplysingar om informantar. No er arbeidet fullført i resten av kommunen og vil snart bli presentert og kunne takast i bruk.

Boksal 2023.

Salet av bøker har gått jamt og trutt. Salsstader er: Spar Rauland, Rauland Servicesenter (Esso), Vinjebue, Haugsæl, Kviteseid Bok og papir, Ark Bokhandel Seljord, Akademika Bø, Sparkjøp i Åmotsdal og Telemarkstunet.

Det er også høve til å bestille bøker ved å sende post til Rauland Historielag eller e-post til post@raulandhistorielag.no

Lagets heimeside – raulandhistorielag.no

Heimesida har opplysingar om aktiviteten i laget så som temakveldar, turar og andre arrangement. På heimesida er det også ei samling av gamle bilete. Der er elles informasjon om laget. Birger Kjellingtveit er ansvarleg for drift og oppdatering av heimesida.

Økonomien i laget.

Rekneskapen syner eit underskott på kr. 31.309,88. Eigenkapitalen i laget er pr. 31.12.23 kr.362.782,35.

Laget fekk kr 7.800 i tilskott frå Tinn Sparebank og kr. 4.138,01 i grasrotandel Norsk Tipping.

Lokalhistorisk arkiv.

Vinje kommune driftar Lokalhistorisk arkiv med ei 20 % stilling. Frøydís Fossli har denne stillinga.

Takk for godt samarbeid.

Styret vil takke for godt samarbeid i året som gjekk til medlemmer og andre som har vore med å støtte opp om arbeidet i Rauland Historielag.

Mars 2024.

For styret i Rauland Historielag



Toril Nicolaisen